



DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Finansdepartementet  
Postboks 8008 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref  
18/1167

Vår ref  
18/1032-6

Dato  
21. juni 2018

## **Forslag om endringar i reglane om lemping av krav som Skatteetaten krev inn – tilbakemelding**

Vi viser til brev frå Finansdepartementet av 2. mai 2018.

Samferdselsdepartementet har lagt saka fram for underliggjande etatar for ev. merknader. Jernbanedirektoratet har opplyst at det ikkje har merknader. Statens vegvesen, Vegdirektoratets brev av 13. juni 2018 ligg ved.

Departementet har ikkje merknader til framlegget om å lempe på krav som blir kravd inn etter skattebetalingsloven.

Statens innkrevingsentral driv inn krav m.a. på vegne av Statens vegvesen og Luftfartstilsynet (etter vegtrafikklova og luftfartslova). Departementet har merka seg at ev. endringar i særlovgevinga må utgreiast særskilt og med ei eiga høyring.

Vidare har vi merka oss at høvet til å setje ned krav etter § 8 i SI-lova skal gjelde alle krav Statens innkrevingsentral krev inn, med mindre anna ikkje er bestemt i avtale med oppdragsgivar for kravet. § 8 vil med andre ord gjelde òg når det er heimel for å lempe på kravet i særlovgevinga med mindre anna ikkje er bestemt i avtale. Vi viser i denne samanhengen til kommentaren Statens vegvesen har til § 8.

Postadresse  
Postboks 8010 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.sd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 904

Avdeling  
Strategi,- økonomi og  
administrasjonsavdelinga

Saksbehandlar  
Elin Marie Furu  
22 24 81 53

På dette grunnlag har ikkje Samferdselsdepartementet merknader til utkastet til endringar i SI-loven.

Med helsing

Marit Rønning (e.f.)  
avdelingsdirektør

Elin Marie Furu  
underdirektør

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*  
Vedlegg